

---

**Fra:** Pål <paal@arkbc.no>  
**Sendt:** 24. mai 2018 11:34  
**Til:** Siril Therese Sylta; Eilin Houlison Molvik  
**Kopi:** Heidi Styve; Geir Styve (geir@humorbonden.no)  
**Emne:** Vedr. rekkefølgekrav i reguleringsplan for Helleåsen, plan-ID: 1263-19032007  
**Vedlegg:** Notat vedr. rekkefølgekrav i reguleringsplan for Helleåsen - plan-ID 1263-19032007.pdf

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Hei!

Har prøvd å ringe vedr. rekkefølgekrav i reguleringsplan for Helleåsen, plan-ID: 1263-19032007. Eg har fått ei henvending via Hjelmåsen AS, frå Solemdal som har kjøpt tomt nr.12 (gbnr.202/157) i bustadområdet Helleåsen. -Har også fått kopi av e-post som kommunen sendte til Solemdal etter at dei hadde vore innom kundesenteret hjå dykk den 22/5.

Vi har oppfatta ordlyden i reguleringsplanen slik at antal bueiningar som kan utviklast før rekkefølgekravet slår inn, er knytt til dei nye/ubygde tomtane, og ikkje til planområdet generelt. Utbyggar er avhengig av sal av tomtar for å få økonomi til å utbetre tilhøva langs fylkesvegen, og vi meiner det er urimeleg å knyte antal einingar opp til område/eigedommar som utbyggar ikkje har hand om. Dersom vi hadde tolka rekkefølgekravet i reguleringsplanen på den måten, hadde vi ikkje sett i gang byggesak på gbnr.202/86 no, men gitt Solemdal «forkjørsrett». Ut frå svaret de har gitt Solemdal, så kan ikkje han setje i gang planlegging på tomte som han kjøpte for ei tid sidan, utan at anten rekkefølgekravet blir oppfylt no, eller ved søknad om dispensasjon fra bestemmelsen. Det er redegjort for vår vurdering i vedlagt notat. Håpar de har anledning til å lese notatet og vurdere vårt syn i denne saka. Ta gjerne kontakt på tlf for avklaring/ «diskusjon».

På forhånd takk!

Vennlig hilsen

ARKITEKTKONTORET  
**BØRTVEIT & CARLSEN AS** 

Hagellia 6  
5914 Isdalstø

Pål-Jøran Carlsen  
Tlf: 400 41 614  
Epost: [paal@arkbc.no](mailto:paal@arkbc.no)